

«Mitt museum» - Hausten 2017

Tema: identitet i fortid, notid og framtid.

Vi ønskjer å gje elevane eit historisk tilbakeblikk på korleis identitetsomgrepet har endra seg gjennom dei siste 250 åra. På førehand skal elevane arbeide med omgrepet på skulen, og fylle ut kvar sitt personlege «eg-tre» - og slik skape bevisstheit om sin eigen identitet. Dette trur vi vil skape større interesse for samfunnsutvikling, og hjelpe dei til refleksjon rundt eigne val og personleg ansvar.

Ein sentral del av læreplanen i samfunnsfag handlar om å «historisere» seg sjølv – å sette seg sjølv inn i ein historisk kontekst og sjå at ein både er eit produkt av fortida, og ein som bidrar til å forme framtida.

Arbeid på skulen:

1. Diskusjon/samtale om identitetsomgrepet.

- Kva er «identitet»? Kva formar identiteten min/vår?

Forslag:

- a) Familie, oppvekst, vener, val ein gjer, verdiar, sosiale mediar, samfunnet vi er ein del av (landet, byen, landsbygda).
- b) Verdiar under press: har vi eit sett felles verdiar og ein felles identitet som alle er eller bør vere ein del av? Opna vi for eit mangfald av identitetar i samfunnet vårt?

2. «Eg-treet» (ligg som PDF-vedlegg i e-posten)

- Elevane skal fylle ut eit «eg-tre» som dei tar med til museet. Det er frivillig om dei vil være anonyme, skrive på namn eller lime inn eit lite bilete av seg sjølv. Elevane har opphavsrett, og alt vert arkivert i permar på museet. Materialet skal ikkje brukast som anna enn lekamleggingering av mangfaldet i 2003 årgangen.
- Treet skal visualisere elevane sin identitet og samtidig hjelpe dei til å «historisere» seg sjølv; dei må skrive inn kva som har forma dei i fortida (treet sine røter), korleis dei ser seg sjølv i notida (treet sin stamme) og kva dei ynskjer for framtida (greinene på treet).
 - a) **Eg er eit produkt av fortida:**
 - Kva har gjort at du er/ kan være den du er i dag? T.d. sentrale historiske hendingar, familiehistorie, sentrale personar, verdisyn, menneskeverd, personlege hendingar.
 - b) **Kven er eg? Kva er min identitet no? Er eg ein del av ein eller fleire felles identitetar?**
 - c) **Eg skal vere med på å forme framtida:**
 - Det er gjer, bidrar med eller er vitne til kan få konsekvensar for framtida – på same måte som fortida har hatt konsekvensar for meg. Kva hendingar kan forme framtida, og korleis kan eg være med på å påverke dette? (menneskesyn, verdiar osv.)
 - Kva er mine val og draumar? Kva ønskjer eg for framtida mi – og vår?

På museet:

På museet kan arbeid med identitet og «historisering» gjerast ved å vise dei eksempel på korleis ulike sider av samfunnet (nasjonen/bygda, levekår, identitetskjenne, verdiar osv.) har endra seg sida 1850, og korleis dette har vore med på å forme det samfunnet dei sjølv tek del i.

- I kva grad hadde unge på slutten av 1800-talet moglegheit til å skapa sin eigen identitet? Hadde alle same moglegheit til å bli kva dei ville?
- Det vil bli gitt eksempel på korleis ulike samfunnsendringar har opna for moglegheiter og rettigheter for det enkelte individ. T.d. lengre skulegang, stemmerettigheit, likestilling og økonomisk vekst.

Timeplan:

10.00: Felles start i Sersjantløa.

- Praktisk informasjon om dagen
- Elevane vert delt i to grupper.

10.30 – 11.30:

- Gruppe A: I tunet med Asbjørn
- Gruppe B: I skulestova med Kristine

11.30 – 12.00: Matpause.

12.00 – 13.00:

- Gruppe A: I skulestova med Kristine
- Gruppe B: I tunet med Asbjørn.

13.00 – 14.00: Avslutting:

- Fotografering av enkeltelevar i kommunevåpenramme. Klassane skal få bileta til eige bruk (t.d. klassebilete), og museet skal lage ein kollasj av alle klassane for å syne 2003-årgangen i det kommande storfylket.
- Dei som er ferdige med bilete vil få tilgang til utstillinga «Kvardagsfolk», eller dei kan være i tunet og gå på stylter, kaste hestesko og liknande.